



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2583 - 16/414

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
01.02.2016

Oversending av klagesak til endeleg handsaming - gbnr 146/37 Fosse ytre

Informasjon:

Tiltakshavar: Torill Vabø Malmqvist
Klagar: Torill Vabø Malmqvist
Eigedom: 146/37
Adresse: Skarsvegen 413

Saka gjeld søknad om reduksjon av gebyr for søknad om legalisering av fleire tiltak på eksisterande bustad på eigdommen gbnr 146/37.

Det vart sendt ut forhåndsvarsel om pålegg, førelegg og tvangsmulkt i brev datert 05.06.2012. Det vart gjeve fleire utsetjingar på fristen for å sende inn søknad.

Søknad om legalisering av utviding av terrasse mot vest, innglassering av denne, utviding av terrasse mot aust, samt levegg og utvendig bodareal under terrasse mot aust vart motteke 22.01.2013. Tiltaka var i strid med punkt 5.14 i kommuneplanen sin arealdel i forhold til tillatt utnyttingsgrad. Dispensasjonen vart gjeve av Plan- og miljøutvalet i møte 06.03.2013.

Som følgje av dispensasjonsvedtaket, vart det løyvet gjeve i vedtak datert 26.04.2013.

Det vart gjeve gebyr på kr. 21. 700 for sakshandsaminga. Gebyret vart fastsett ut i frå Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013.

Det vart sendt inn søknad om redusert gebyr i brev datert 16.01.2014 frå advokat Bendik Holstad.



Søknad om redusert gebyr vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte 19.05.2015. Resultatet av handsaminga i utvalet var at søknad om reduksjon av gebyret vart avslått med heimel i gebyrregulativet § A.4.

I brev datert 01.06.2015 er det sendt inn klage frå Torill Vabø Malmqvist på vedtak om avslag på søknad om reduksjon av gebyr.

Lindås kommune beklagar lang sakshandsamingstid.

Endring av gebyr:

Ved ein nærare gjennomgang av saka, ser ein at det er tatt eit dispensasjonsgebyr for mykje i saka. Då eigedommen ligg i området avsett til LNF spreidd i kommuneplanen, var det ikkje naudsynt med dispensasjon frå LNF føremålet. Dette vert retta opp ved at ny faktura vert sendt tiltakshavar, der gebyret vert redusert med kr. 7 500,-. Samla sum for nytt gebyr vert kr. 14 200,-.

Då klagen gjeld forhold om det skulle betalast gebyr og kva gebyrregulativ som skal nyttast, vert klagen sendt Fylkesmannen for endeleg handsaming for vurdering av desse forholda.

Vurdering:

I klagen går det fram fleire forhold, som ikkje direkte er knytta opp mot sjølve gebyrklagen. Dei forholda vert halde utanfor her.

I klagen er det vist til at tiltak allereie var godkjent i 1980, det er vist til Husbankteikningar som viser kjeller, trapp og dør, etablering av ny trapp kun var vedlikehald og at glassoverbygg kan takast vekk.

Gebyr i saka er gjeve i medhald av Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013. Gebyret er gjeve ut i frå det som var omsøkt og handsama i vedtak datert 26.04.2013. Det er gjeve eit gebyr for tilbygg på kr. 6.200,- sjølv om søknaden gjaldt fleire tiltak.

Det vil ikkje ha betydning for det gebyret som er gjeve, om tiltak som er omsøkt, seinare vert fjerna, slik klagar viser til.. Tiltaket er likevel omsøkt og handsama hjå kommunen.

Når det gjeld teikningar innsendt med stempel frå Husbanken, så har kommunen dei godkjente teikningane i sitt arkiv og det var dei som var godkjent i byggesaka frå 1980. Det er det som er lagt til grunn for den handsaminga kommunen har hatt i denne saka.

Lindås kommune kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment i saka som tilseier redusert gebyr i denne saka. Lindås kommune sitt vedtak datert 19.05.2016 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje tatt til følge. Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming.

Vurdering av gildskap:

Det forholdet som gjeld ugildskap er tatt opp med Lindås kommune sin kommuneadvoka. Kommuneadvokaten har konkludert med at byggesaksavdelinga ikkje er ugild i denne saka.

Her er lenke til Lindås kommune sitt e-innsyn:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2014002583&

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avslag på søknad om reduksjon av gebyr. Gbnr 146/37.

Gbnr 146 037 Brev frå Sandanger 16 jan 2014

Vedtaksbrev

Klage vedk avslag på søknad om reduksjonsgebyr - gbnr 146/37 Fosse Ytre

Teikningar

Teikningar

Bekreftelse og brev frå Fylkesmannen

Teikningar

Løyve til tilbygg til eksisterande bustad - gbnr 14637 Fosse ytre (L)(59159)

Ber om vurdering av byggesak sin gildskap i handsaminga av sak på gbnr 14637 m.fl.

Kopi til:

Sandanger Advokatfirma DA v/Bendik Holstad	Lars Hilles gate 19	5008	BERGEN
Torill Vabø Malmquist	Skarsvegen 413	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------